



Arkivsaknr: 2026/401-3
Sakshandsamar: Silje Lunde
Avdeling: Kultur og bibliotek

SAKSFRAMLEGG

Evalueringa av gratis halleige i Tysneshallen

Utval

Formannskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet tek evalueringa av ordninga med gratis halleige for barn og unge i Tysneshallen til orientering.
2. Formannskapet vurderer at ordninga har medverka til å styrkje aktivitetstilbodet for barn og unge, halde brukarbetalinga låg og redusere økonomiske barrierar for deltaking i organisert fritidsaktivitet.
3. Ordninga med gratis halleige for aldersbestemt idrett og aktivitet i Tysneshallen vert vidareført på gjeldande vilkår.
4. Finansiering av ordninga og overordna prinsipp for gratis bruk av kommunale anlegg for barn og unge skal vurderast i arbeidet med revisjon av temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet og idrettsrådet.

Saka skal avgjerast i formannskap.

Saka gjeld

Saka gjeld evaluering av prøveordninga med gratis halleige i Tysneshallen for aldersbestemt idrett og aktivitet. Kommunestyret vedtok i sak PS 2/19 i 2019 å innføre gratis halleige som ei toårig prøveordning. Grunna pandemien i 2020 og 2021 vart evalueringa utsett.

Hovudspørsmålet i saka er om ordninga med gratis halleige for barn og unge i Tysneshallen bør vidareførast.

Føremålet med evalueringa er å vurdere om ordninga har:

- stimulert til ny aktivitet i Tysneshallen
- medverka til lågare brukarbetaling for barn og unge
- styrkt kommunen sitt arbeid med å leggje til rette for deltaking, inkludering og gode rammevilkår for idretten

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i sak PS 2/19 å innføre gratis halleige i Tysneshallen for aldersbestemt idrett og aktivitet. Ordninga gjeld trening for barn og unge, sju dagar i veka, for alle lag som nyttar hallen til dette føremålet. Kampar, stemne og andre arrangement er ikkje omfatta.

I vedtaket vart det lagt til grunn at ordninga skulle:

- stimulere til framvekst av ny aktivitet i Tysneshallen
- bidra til at delar av den økonomiske gevinsten vart nytta til å redusere brukarbetaling for medlemmar i aldersbestemte grupper
- evaluerast etter to år i samråd med laga som nyttar ordninga og idrettsrådet

Grunna koronapandemien vart evalueringa ikkje gjennomført som opphavleg planlagt.

Rammer og mål

Tysnes kommune sin samfunnsplan legg til grunn at barn og unge skal ha ei aktiv og meningsfull fritid. Kommunen skal samarbeide med frivillige lag og organisasjonar for å sikre eit breitt og inkluderande fritidstilbod. Det skal særleg leggjast vekt på:

- tilbod til barn og unge
- breidde i aktivitetstilboda
- tiltak som fremjar folkehelse og motverkar utanforskap
- deltaking uavhengig av økonomi og sosial bakgrunn

Tysnes kommune har òg slutta seg til fritidserklæringa, som byggjer på målet om at alle barn og unge skal ha høve til å delta i minst ein organisert fritidsaktivitet.

Kunnskapsgrunnlag

Forsking og nasjonale undersøkingar viser at økonomi framleis er ein viktig barriere for deltaking i organisert idrett. Samstundes viser nyare tal at ungdom si deltaking i trening og aktivitet er høg, og at den organiserte idretten framleis står sterkt. Det er likevel sosiale

skilnader i kven som deltek, og barn og unge frå familiar med svakare økonomi deltek i mindre grad enn andre.

Dette tilseier at kommunen bør vurdere tiltak som kan halde kostnadene nede og gjere det lettare for fleire å delta.

Avgrensingar i datagrunnlaget

Datagrunnlaget i saka er etter kommunedirektøren si vurdering tilstrekkeleg for å gjere ei fagleg vurdering av ordninga. Samstundes er det nokre avgrensingar som det er viktig å vere open om. Kommunen har ikkje fullgode samanlikningstal for treningstimar frå før 2021, og dei første åra i evalueringsperioden var påverka av pandemien. Det inneber at utviklinga over tid må tolkast med varsemd, og at det ikkje kan trekkjast sikre konklusjonar om direkte årsakssamanheng mellom gratis halleige og aktivitetsnivå åleine.

Trass i desse avgrensingane gir datagrunnlaget eit godt nok grunnlag for å vurdere hovudtrekka i ordninga. Tala viser at ordninga har omfatta eit betydeleg aktivitetsomfang for barn og unge i Tysneshallen, at kostnaden for kommunen har vore avgrensa, og at ordninga understøttar målet om lågterskel deltaking i organisert idrett og aktivitet.

Bruk av Tysneshallen

Tysneshallen er eit sentralt anlegg for idrett og aktivitet i kommunen. Hallen vert nytta fast av Tysnes IL, Ugddal IL og Njardar/Tysnes. Dei faste aktivitetane omfattar mellom anna handball, turn, innebandy, balleik og fotball. I perioden med gratis halleige har det òg vore tilbod som open hall i regi av ADHD-foreininga og klatretilbod for barn og unge.


Etter innføring av bookingsystem i 2021 har kommunen betre oversikt over bruken av hallen. Hallen er i hovudsak oppteken til trening i tidsrommet 17.00–20.30/21.00 frå søndag til fredag. Tilbakemeldingane frå laga er at kapasiteten i hallen er pressa, og at utfordringa ofte handlar om tilgang på frivillige og trenarar.

I saka frå 2019 vart det peikt på at andre kommunar hadde erfaringar med ubrukte gratistimar. Dette har i liten grad vore ei utfordring i Tysneshallen. Idrettslaga har i stor grad funne løysingar seg imellom når det gjeld treningstider og utnytting av treningstidene.


Ordninga kjem eit betydeleg tal barn og unge til gode. Tysnes IL opplyser at om lag 100 barn nyttar ordninga. Njardar/Tysnes opplyser at om lag 260 barn og unge nyttar Tysneshallen i vinterperioden, når det ikkje er mogleg å nytte eige anlegg. For Njardar gjeld dette difor ikkje fast bruk gjennom heile året, men sesongbasert bruk knytt til behov for innandørs trening.

Tal frå bookingsystemet viser at aktiviteten for barn og unge i Tysneshallen har vore høg i evalueringsperioden. Registrerte treningstimar for barneidrett auka frå 162 timar i 2021 til 493 timar i 2022 og 657 timar i 2023. I 2024 gjekk timetalet ned til 351, medan det i 2025 auka att til 433 timar. Til samanlikning var treningstimane for vaksenidrett 246 timar i 2025.

I 2025 stod barn og unge for om lag 64 % av dei registrerte treningstimane for organisert idrett i hallen. Dette viser at ordninga omfattar ein stor del av den organiserte treningsbruken i Tysneshallen.



Inntekter



Inntektene i Tysneshallen består i hovudsak av sponsorinntekter og leigeinntekter. Inntekter frå bowlinga er ikkje tekne med i denne saka.

Fakturering av sponsorinntekter og halleige skjer i perioden desember til februar. Dette fører til at enkelte inntekter kan bli førte i anna rekneskapsår enn det dei gjeld for, og tala må difor tolkast med dette atterhaldet.

Verdien av gratis halleige har vore:

- 19 440 kr i 2021
- 59 160 kr i 2022
- 78 840 kr i 2023
- 42 120 kr i 2024
- 51 960 kr i 2025

Innspel frå lag og organisasjonar

Idrettslaga som har nytta gratis halleige har fått høve til å uttale seg. Tysnes IL peikar særleg på at ordninga har:

- gjort det mogleg å utvikle nye tilbod, som turn og balleik
- bidrege til å halde medlemskontingentane låge
- gitt rom for å dekkje lisensar og medlemsavgift for familiar med låg inntekt
- gjort det mogleg å tilby gratis inngang på barnehandballkampar

Desse innspela støttar opp under måla som låg til grunn for ordninga.

Har ordninga nådd måla?

Kommunedirektøren vurderer at ordninga i hovudsak har nådd måla frå vedtaket i 2019.

Ordninga har medverka til at laga har hatt lågare driftskostnader knytte til aktivitet for barn og unge. Dette har gitt eit større handlingsrom til å halde kontingentar og eigendelar nede, og til å prioritere aktivitet og inkludering framfor hallutgifter. Sjølv om det er vanskeleg å dokumentere den eksakte effekten i kroner per medlem, er tilbakemeldingane frå laga tydelege på at gratis halleige har hatt positiv verknad.

Vidare har ordninga medverka til breidde i aktivitetstilbodet i hallen. Nye aktivitetar har kome til i perioden, og låg kostnad for bruk av hallen gjer det enklare å prøve ut nye tilbod. Dette er i tråd med kommunen sitt mål om å leggje til rette for fleire og meir varierte fritidstilbod for barn og unge.

Samtidig er det grunn til å peike på at den viktigaste avgrensande faktoren for vidare vekst i aktivitetstilbodet ikkje ser ut til å vere hallkostnadane, men tilgang på frivillige og trenarar. I ein slik situasjon vil det vere uheldig å innføre tiltak som gjer at meir av frivillig innsats må brukast til inntektsarbeid og dugnad.

I vedtaket frå 2019 vart det lagt til grunn at prøveordninga ikkje berre skulle vurderast ut frå effektane i Tysneshallen, men òg gi grunnlag for å sjå nærare på samspelet mellom frivillig innsats og offentleg tilrettelegging. Evalueringa skulle vidare gi erfaringar som kan vere relevante ved vurdering av om tilsvarende prinsipp bør gjelde for andre lag og anlegg i kommunen. Kommunedirektøren vurderer at slike meir overordna og langsiktige spørsmål bør handsamast i samband med revisjon av temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Økonomiske konsekvensar

Gratis halleige utgjorde 51 960 kr i 2025. Dette er eit avgrensa inntektstap samanlikna med den samla aktiviteten ordninga omfattar, men må samstundes vurderast i lys av trong kommuneøkonomi og framtidige behov for vedlikehald og investeringar i hallen.

Idrettslaga i kommunen har samla store utgifter til aktivitet og anlegg. Samla kommunalt tilskot til idretten utgjør ein avgrensa del av desse kostnadene. Gratis halleige må difor sjåast som ein del av kommunen si samla tilrettelegging for idretten.

Dersom ordninga vert avvikla, vil konsekvensen truleg vere at laga må hente inn auka kostnader gjennom høgare kontingentar, eigendelar, meir dugnad eller billettinntekter. Dette vil kunne auke terskelen for deltaking og råke særleg familiar med låg inntekt.

Kommunedirektøren vurderer samla at inntektstapet ved gratis halleige er avgrensa samanlikna med den samfunnsnytten ordninga gir.

Alternative løysningar

Alternativ 1: Vidareføre ordninga på gjeldande vilkår

Dette gir føreseielege rammer for idrettslag og organisasjonar, held kostnadene nede for aktivitet for barn og unge og støttar opp om måla i samfunnsplanen og fritidserklæringa.

Alternativ 2: Avvikle ordninga og innføre halleige att

Dette vil gi auka inntekter til hallen, men vil truleg føre til høgare kostnader for idrettslaga. Konsekvensen kan bli høgare kontingentar, meir dugnad og større økonomiske barrierar for deltaking.

Alternativ 3: Avvikle ordninga og kompensere gjennom auka tilskot

Dette kan gi meir lik handsaming mellom lag, men vil vere mindre målretta tiltak. Gymsalar og bassenget er i dag gratis å låne for lag, og det kan sende uheldig signal ved at ikkje Tysneshallen også er gratis for barneidrett.

Det kan også vere aktuelt å vurdere om delar av inntektstapet kan kompensast gjennom auka sponsorinntekter. Dette bør vurderast nærare i budsjettarbeid og i revisjon av temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kommunedirektøren vurderer at spørsmål om gratis bruk av kommunale anlegg og nivå på tilskotsordningar bør sjåast i samanheng i det vidare planarbeidet.

Miljømessige konsekvensar

Saka har ingen vesentlege direkte miljømessige konsekvensar.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ordninga er enkel å administrere samanlikna med alternative ordningar der laga må søkje om kompensasjon. Vidareføring av ordninga inneber ikkje vesentlege nye administrative konsekvensar.

Risiko

Ved å avvikle ordninga er det risiko for:

- høgare kontingentar og eigendelar
- redusert deltaking blant barn og unge frå familiar med låg inntekt
- mindre breidde i aktivitetstilbodet
- auka belastning på frivillige lag og organisasjonar
- svekka måloppnåing innan folkehelse, inkludering og førebygging av utanforskap

Vurdering av særskilte grupper

Gratis halleige er eit tiltak som særleg kjem barn og unge til gode. Ordninga reduserer økonomiske barrierar for deltaking og støttar opp under målet om at alle barn og unge skal kunne delta i organisert fritidsaktivitet, uavhengig av familien sin økonomi.

Opplysningar frå laga viser at ordninga omfattar om lag 100 barn i Tysnes IL, og i tillegg om lag 260 barn og unge i Njardar/Tysnes i vinterperioden. Dette viser at ordninga kjem mange barn og unge til gode, også når behovet for hallbruk varierer mellom laga gjennom året.

Ordninga har difor særleg positiv verknad for barn og unge i familiar med låg inntekt og for grupper som elles kan stå i fare for å falle utanfor organiserte fritidstilbod.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren vurderer at ordninga med gratis halleige i Tysneshallen har nådd hovudmåla frå vedtaket i 2019. Ordninga har støtta opp under låg brukarbetaling, breidde i aktivitetstilbodet og inkludering av barn og unge i organisert fritidsaktivitet.

Sjølv om ordninga gir reduserte leigeinntekter, er inntektstapet avgrensa samanlikna med den samla samfunnsnyttan. Kommunedirektøren tilrår difor at ordninga vert vidareført på gjeldande vilkår, og at overordna prinsipp for finansiering og gratis bruk av kommunale anlegg vert vurderte i revisjon av temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.